

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 292, 294-296, 293, 294, 297-309/17.

### ORIENTERING

Næringssjef Mette Nora Sætre orienterte om «HFK og Innovasjon Norge»

Direktør i Innovasjon Norge, direktør Nina Broch Mathisen orienterte om «IN Hordaland og Vestlandet».

### OPEN TIME

**Pål Kårbø (KrF)** viste til fylkesrådmannen sitt budsjettforslag og spurde om det har vore prosess kring nedlegging av «mindre» båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog. Han stilte også spørsmål knytt til skuleskyss på desse rutene. Fylkesrådmannen svarte på spørsmåla.

**Mona Røsvik Strømme (H)** etterlyste planar for møte med Stortingsbenken. Fylkesordføraren opplyste at det vert møte med Stortingsbenken i Bergen måndag 19. mars.

**Roald Stenseide (Frp)** stilte slikt spørsmål:

#### «Båtrute Osterfjord og Veafjorden

Etter opplysninger Frp har fått, er det 21 fastboende som vil være berørt om denne båtruten blir lagt ned. Disse skal bo på gårder som er veiløs. For å ha bosetning må de ha tilbud.

Spørsmålet blir da:

Hvilke offentlige tilbud vil disse få om båtruten blir nedlagt?»

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

**Roald Stenseide (Frp)** stilte slikt spørsmål:

#### «Fylkeskommunens eierskap i NDLA

1. Hvilke alternativer kan fylkeskommunen bruke i stedet for NDLA, og hvordan blir kostnadene,
2. Kan dagens organisering vedrørende NDLA bidra til konkurransevridning som gjør at det blir færre og dyrere digitale tilbydere.»

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.